

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 12.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Marthe Hammer og Clara Gjesdal
SAKA GJELD: **Årsrapport innovasjon 2017**

STYRESAK: **10/18 O**

STYREMØTE: **25.01.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen HF tar årsrapporten om innovasjon til orientering.

Oppsummering

Føretaket har satsa målretta på innovasjon i fleire år. Nettsida idemottaket.no har vore i drift sidan 2013, og er ein viktig kanal for å få inn gode idéar og forslag som kan betre måten vi driv sjukehus på. Per 4. januar 2018 ligg det 153 ulike prosjekt i idémottaket.

Fakta

Arbeidet med innovasjon er forankra den nye strategiplanen for 2017-2022, Helse Vests innovasjonsstrategi og i styringsdokumentet for 2017.

Idemottaket.no er ei nettside med ein elektroniske postkasse der *alle* som vil, kan legge inn idear. Idemottaket er også eit innovativt støttesystem.

Føretaket har deltatt i den nasjonale piloten for 2017, og vil vere med også i 2018. Det blir jobba kontinuerleg med å tilpasse registreringa i tråd med nye nasjonale føringar, og oppdaterte versjonar av verktøyet.

Konklusjon

Satsinga på innovasjon i føretaket har resultert i mange gode tiltak og prosjekt som forbetrar tilbodet til pasientane. Fortsatt satsing på innovasjon vil vere viktig for å utvikle tenestene.